



Luster austre statsallmenning

Fjellstyret – 6877 Fortun

NVE –Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091, Majorstua,
0301 OSLO

Fortun 03.01.2018

Ny reguleringskonsesjon for Fortun-Granfasta

I statsallmenningen er det staten ved Statskog SF som er formell grunneigar. Rettighetene til å utnytte biologisk verdiskaping ligg til bruksrettshavar. Luster austre fjellstyre administrera bruk og utnytting av rettar og lunnande i statsallmenningen. Fjellstyret skal arbeide for at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene i bygda.

Fjellstyret etterstrevar å tenkje økosystembasert ressursforvaltning med fokus på berekraftig utvikling samt miljøomsyn i all si verksemrd. Fjellstyret oppmuntrar til økonomisk vekst i statsallmenningen, men det må skje på det grunnlaget naturen sjølv set.

Dagens regulering av Fortun-Granfasta vassdraget påverkar store delar av Luster austre statsallmenning både direkte og indirekte. Vidare kjem fjellstyret med høyringsinnspel på ulike tematiske utfordringar uavhengig av prioritering og påverknad.

Friluftsliv

Vatn og vassdrag er ein sentral del av opplevinga av norsk natur i forbindelse med friluftsliv og reiseliv. Vassdragsregulering har vært en viktig årsak til bortfall av inngrepsfri natur og villmarksprega områder, og har medført betydelege inngrep i landskapet. Samtidig har

vasskraftutbygging også bidrege til auka tilgjengeleheit til mange attraktive friluftsområde i fjellet. Minstevassføring og magasinrestriksjonar er tiltak som kan auka både opplevingsverdi og bruk for vassdragstilknytta friluftsaktivitetar som f.eks. turgåing, fritidsfiske, padling og bading

Friluftsaktivitetar som til dømes småvilt-, storviltjakt og fiske føregår på statsgrunn i reguleringsområdet basert på ei berekraftig utnytting. Utnyttinga av naturressursane på denne måten har potensial til å auke då tilboda ikkje er så godt kjent. Dei seinare åra har fjellstyret hatt ei innkome på om lag 130 000 – 160 000 kr frå småvilt-, storviltjakt og fiske, og då har det ikkje vore jakt på villrein frå Vest-Jotunheimen.

Reguleringsmagasina ligg midt i eit høgfjellsterreng, med nasjonalparkar på fleire kantar. Kraftig ned tappa magasin kan verke særskjedende, og ein bør ta omsyn til turisme og friluftsaktivitetar som området vert nytta til.

Kulturminne

Mange vassdragsreguleringar kor konsesjon er gjeve før 1960 er utbygd utan at det er gjennomført kulturhistoriske undersøkingar, dette gjeld også for Fortun-Granfasta vassdraget. Det finst dessverre fleire stadar kor utbygginga av diverse anlegg i høve utbygging av Fortun-Granfasta vassdraget truleg har øydelagt og forringa ulike kulturminne. Ringsdalen i Turtagrøområdet er eit døme på kor utbygging av anleggsvegen truleg har ført til at ei eller fleire dyregraver i fangstanlegget kan ha blitt øydelagt (bilete nedanfor og vedlegg 2).

RINGSDALEN

Kartref.:

Mellom 352.169 - 354.169

Hørungane 15127D

FANGSTANLEGGET i RINGSDALEN.

ER DETTE DET
STØRSTE PÅ
VESTLANDET
?

13-14 graver + truleg
10 stk raserter av vegbygging.
+ 2 store bøgestille eller
"masse"- graver?

MYKJE BRYKT
TREKK VĒG FOR REIN

K.Kvien 29.09.92.

Nr. ca 150 m (1 m øvre og 140 nede)


BRAATT FJELL (med usilere graver?)



FANGSTANLEGG FOR VILLREIN
I RINGSDALEN I LISTER.

Långstanlegg
Ringdalens
Kartref.
Spanner over området
mellom 35249 - 35469
Harrungane 1512 IV

DYREFRAYER



SETT I SNITT.

DYREFRAYER
UTTAK AV
MASSÆ OG BYGSTING AV ANLEGGSEVE.
DYREFRAYER I DETTE OMråDET ER
PÅSETT, TRULES CR. TO STK.

DYREFRAYER
UTTAK AV
MASSÆ OG BYGSTING AV ANLEGGSEVE.
DYREFRAYER I DETTE OMråDET ER
PÅSETT, TRULES CR. TO STK.

SETT I PLAN.

EFTT FJELL

DYREFRAYER
□ □ □ □ □

BÅGSEN

DYREFRAYER

□ □

173

(TRULES ER OMÅLAS TO DYREFRAYER
FJERNER AV VEGRUNLEAGET)

Skjolden 30.06.-94
K. KYREN
Mål 1:500

Vidare skriv også Sogn og Fjordane fylkeskommune i sin rapport om, eit tippområde ved Fivlemyr, kulturminneregistrering i samband med utbygginga av Illvatnet;

I undersøkinga av denne tippen vart det også leita etter ei tidlegare registrert dyregrav. Denne vart ikkje funnen, og må difor ha blitt øydelagd ved tidlegare arbeide i området. Ei dyregrav som skal ligge like ved kraftstasjonen på Fivlemyrane vart heller ikkje funnen, men dette kan skuldast at den låg under vatn ved tidspunktet for registreringa.

Fjellstyret ser på det som ei viktig oppgåve å ta vare på kulturminne for heile det overordna området som reguleringa rører ved. Det er viktig at ein sikrar dei delane av historia vår som er knytt til menneskjenes verksemd i og ved vassdraga.

Fjellstyret ynskjer at det skal føretas ei kartlegging av kulturminne i heile reguleringsområdet kosta av regulant, då skadeverknaden av utbygging kan med stor sannsynlegheit ha forringa fleire kulturminne ved utarbeiding av ulike anlegg. Beløpet som vert avsett til kulturminnekartlegging i reguleringsområdet må dekke alle kostnadene til kulturminnetiltak, dvs. kartlegging, registrering, utgravingar, sikring og konservering. Fjellstyret ser også viktigheita av at kunnskapen ein ervervar då vert tilgjengeleg for allmenta. Fjellstyret arbeidar for at allmenta skal få tilgang til den informasjonen fjellstyret innehavar og kan bidra til informasjons innhenting der det er behov for det.

Fiske i fjellvatna

Retten til å utnytte fiske i statsallmenningen er nedfelt i fjellovas kapittel XII. Fjellstyret er tillagt ansvaret for å administrere fisket på vegne av bruksrettshavarane. I dette ansvaret ligg også det å ta vare på fiskens leveområde og levevilkår på ein best mogleg måte. Den største trusselfaktoren mot mangfaldet i naturen er menneskes utnytting av areal. Inngrep som vassdragsregulering endrar naturen i og rundt vassdraga og fører med seg verknadar i vassføring, vasstemperatur, vasskvalitet og isforhold. Desse endringane har hatt negativ effekt på fisk og truleg også for andre ferskvassrelaterte artar. I fleire tilfelle har truleg reguleringa påverka gyte- og oppvekstforholda samt opp- og nedvandringsforholda.

I henhold til det fyrste kjende prøvefisket på Sognefjellet var det fiske i både Øvre Hervavatn og i Skålavatnet før reguleringa, og ein antok at det var gyting i vatna (Rosseland 1958, vedlegg 1).

I Prestesteinsvatnet og Storavatnet fekk ikkje Rosseland fisk, men skriv at det skal det være fisk i ganske store mengder etter det han fekk fortalt lokalt. Dette var også tilfellet i Nørstedøla fremst i Fortunsdalen, ved Fivlemyrane og ovanfor. Fjellstyret viser også til Kjartan Kvien om at det vart fiska «*Stor og fin fisk på rundt kiloen i både Øvre Hervavatn og i Prestastein*» rett etter reguleringa i 1961.

Vidare skriv Konsulenten for ferskvannsfisk i Vest Norge i sin rapport i 1971 at ulike vatn var fisketomme i 1968; Øvre og Nedre Grønavatn, Medalsvatn, Namnlaus, Illvatn, Fivlemyrane og Gravdalsvatn. Fjellstyret viser til Rosseland og merkar seg at regulering må ha medført særstak negativ påverknad på fiskebestanden ved Fivlemyr og i Gravdalsvatnet, då det før reguleringa var kjent som gode fiskeområder. Angåande dei andre vatna har fjellstyret ikkje klart å funne skriftlege som kan fortelje om fisket i desse vatna før reguleringa.

Fiskerikonsulenten gjennomførte prøvefiske i fleire vatn i 1968 og fekk fisk eldre enn 7 år i Øvre og Nedre Hervavatn, Dyrhaugslågane kote 1215, Skålavatnet og Berdalsvatnet. Dette samanfell ikkje med utsettinga i Storavatnet gjennomført av Hydro Energi årleg sidan 1961, eller i Skålavatnet sidan 1965.

I 1968 vart det konkludert med at i Nedre Hervavatn er det fisk som gyter på utløpet, og i Dyrhaugslågane kote 1215. Det kom også fram at prøvefisket i Øvre Hervavatn var prega av 6 årig fisk, noko som antyda utsetting. Det vart også anbefalt utsetting ved eit seinare tidspunkt. Det vart gjennom prøvefisket i 1968 også fiska i Prestesteinsvatnet, og då vart det konkludert med at gyteforholda var gode og at utsetting av fisk ikkje var foreløpig nødvendig.

Gjennom eit utsettingspålegg som vart gjort gjeldande i 1976 fekk Hydro Energi pålegg om å setje ut fisk i 6 innsjøar, med totalt 4200 einsomrig fisk som ein kompensasjon for dei forringa tilhøva for fisken i reguleringssområdet. Det har som tidlegare nemnt vore usett fisk sidan reguleringa, dette er ein innarbeida god gjennom nesten 60 år som er naturleg å fortsette.

Det har blitt gjennomført prøvefiske av alle magasina etter reguleringa i 1959. I 2003 vart det konkludert med at det var fisk av ulik alder i Dyrhaugsvatnet, og det vart observert nokre få fiskar i innlaupsbekkane. I Skålavatnet var konklusjonen at bestanden var utsett, og ingen undersøking av gyteforhold vart gjennomført.

Ved gjennomføring av prøvefisket i Prestastein fekk ein fisk i alder 1- 8 år, men ingen fisk i innløpsbekkane, og fisken var i hovudsak berre utsett. Det var same konklusjon også i Øvre Hervavatn. I Nedre Hervavatn vart det konkludert med at det var gyting i utløpselva, men kor stor rekrutteringa var er usikkert.

I prøvefisket frå Øvre og Nedre Grønavatn var det eit aldersspenn på 2-11 og 3-9 år. I Øvre Grønavatn var det ingen, eller få gyteforhold i bekkane, medan i Nedre Grønavatn var det observert fisk på oppvandring i ein bekk. Middalsvatnet vart truleg for fyrste gong sidan 1968 prøvefiska i 2003, og bestanden inneheld aure ved ein alder på 3-6 år. I Gravdalsvatnet vart det observert fisk i alderen 3-12 år, og konkludert med at det kan vere gyting i elva, eller i innsjøen.

I 2010 vart det på nytt prøvefiska i reguleringsmagasina. I Dyrhaugsvatnet var all fisk under 6 år feittfinneklypt, unntaken ein på 4 og ein på 5. Det vart fanga fisk i innløpsbekken, men det vart konkludert med at ein ikkje trur på reproduksjon.

I Prestasteinsvatnet vart det fanga fisk i aldersspennet 1-11 år, alle fiskane under 9 år var feittfinneklypt, unntaka den eine eitt åringen. Konklusjon var at det ikkje var naturleg rekruttering i magasinet, men fisken med feittfinne kan ha kome frå Rundhausgtjørna. I Øvre Hervavatn var det eit aldersspenn på 3-10 år i fangsten, kor 29 av 44 av fiskane var feittfinneklypt, alle under 6 år var det. Konklusjonen var at det ikkje var eigna gyte og oppvekst områder.

I Nederste Hervavatnet fekk ein fangst som tydar på naturleg rekruttering, og fisk med feittfinner i innløp, og utløpsbekk i gyteperioden. I prøvefisket frå Skålavatnet var det representantar av fisk med feittfinner i alle aldersklassane i rå 1-19 år. Det vart funne ein godt eigna gytebekk når vatnet var lågt, men pga. høgare regulering seinare var overlevinga på rogna særslig dårlig. Konklusjonen var at det var lite, eller ingen gyting i magasinet.

I øvre og Nedre Grønavatn var varierte aldersfordelinga mellom 4- 15 år, og 1-13 år. I Øvre Grønavatn var all fisk under 6 år feittfinneklypt, medan i Nedre Grønavatn var alle under 7 år, unntake ein fisk feittfinneklypt. Totalt var 8 av 27 fisk feittfinneklypt. Konklusjonen i begge

magasina var at det ikkje var gyte eller oppvekstmoglegheiter. Prøvefisket i Middalsvatnet hadde eit aldersspenn på 1-12 år, kor 4 av 16 fisk var feittfinneklypt, og alle under 6 år var feittfinneklypt, med unntak av ein på 4 og ein på 5. Det vart observert fisk i oppstraums bekk. I Gravdalsvatnet var aldersspennet frå 2-12 år, og alle under 6 år var feittfinneklypt, alle over hadde feittfinna i behald.

Ved prøvefisket i 2016 vart Skålavatnet og Øvre Hervavatnet undersøkt. I Øvre Hervavatn var ca. 60 % (uavhengig av alder) av fisk med feitfinner, men samtidig viser rapporten til at ein ikkje trur at det førekjem naturleg rekruttering, men fisken kan koma frå Rundhausgtjørnene og Prestesteinsvatnet då det er registrert gyting i Rundhaugstjørnene. Avstanden mellom LRV og tappeluka har ikkje fjellstyret fått opplyst ved førespurnad til Hydro Energi, og antek derfor at avstanden er så stor at dei einaste vandringsmoglegheita til auren frå Rundhaugstjørnene til Øvre Hervavatn er i dei få vekene om hausten det er overlaup på Prestasteinsdammen.

I Skålavatnet vart det ved prøvefisket fanga fisk med feittfinner i alle aldersklassar, samt oppvandrande 2 årig fisk i Storvasselva. I rapporten kjem ein med anbefalingar om at Skålavatnet bør vere ved HRV i perioda fisken er i gytemodus, slik at den har mogleheit til å gå opp i Storvasselva for å gyte. Rapporten tar også opp moglegheita for at fisken som ved dette tidspunkt hadde gått opp i Storvasselva var frå Fivlemyrane, eller Attgløyma. Fjellstyret ser på dette som ein mogleheit då det er kjent både skriftleg og gjennom erfaring at det er reproduzierande bestand i Attgløyma, og gjennom praktisk erfaring i Fivlemyrane dei seinare åra (pers. medd. Jonny Johnsen).

Det har gjennom fleire prøvefiske blitt registrert fisk med feittfinner i nesten alle vatna som har blitt prøvefiska, og ved nesten alle i dei seinare prøvefiska. Ved nokre tilfelle har det blitt observert fisk som prøver å vandre opp i eventuelle gytebekkar, men det har sjeldan blitt registrert yngel i bekkane. Det har blitt opplyst på eit seinare tidspunkt (folkemøte i Fortun 30.11.17) at Hydro Energi var kunn sikre på at utsett fisk frå deira klekkjer i Fortun var feittfinneklypt frå og med 2006.

I fylgje prøvefiska er det ikkje sjølv rekruttering i Prestasteinsvatnet, men fjellstyret sit med munnlege kjelder som har sett fisk gått opp i Midtfjellselva og i bekken frå Rundhaugsvatnet i gytetida, og det vert årleg tatt fisk av fritidsfiskarar som ikkje er feittfinneklypt i

Prestesteinsvatnet (pers medd. Kjartan Kvien). Det er samtidig funnet ung fisk med feittfinne i vatnet ved siste prøvefiske.

Vassdragsreguleringar fører ofte til endringar i økologi heile vassdrag. Effektane av vassdragsreguleringar på innsjølevande fiskebestandar vil som oftast vera lågare vekst og redusert bestandsstorleik, men både fysiske og biologiske effektar i kvart vassdrag gjer at effektane vil variera. Større fluktuasjonar i vasstand føre til ei utvasking av arealet mellom høgaste og lågaste regulerte vasstand, og føre på sikt til redusert produksjon og mangfald av botndyr i ein innsjø. Oppdemming og stor reguleringshøg i magasina har ført til at gyte- og oppvekst områder er lagt under vatn og forringa gjennom erosjon gjennom 60 år med påverknad.

Fjellstyret er av den oppfatning at ein må oppretthalde tidlegare utsettingspålegg. Utsettinga skal være i henhold til resultat frå prøvefiske, og i tillegg må ein undersøkje moglegheita for habitatforbetrande tiltak. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bør være fagleg ansvarleg for å kunne utfordige årlege utsettingspålegg. Prøvefiske av alle vatna må gjennomførast kvart 5 år for å halde oppsyn med fiskebestandane. Vidare må fjellstyret få tilgang på vederlagsfrei fisk i henhold til behov for utsetjing i vassdrag utnytta av regulant, då endring av vassføring har påverka gyte og oppvekstforholda. Gjennom oppretthalding av klekkjer i regi av regulant, vil ein vere sikker på at det er lokal stadeigen fiskestamme som vert nytta til utsetting.

I fylgje gjeldande konsesjonsvilkår post nr 21 skulle ÅSV, nå Hydro Energi, avsetje eit fond til å fremje fisket i vassdraga, og kunne verte pålagt å bekoste fiskeribiologiske undersøkingar i dei områda som vart berørt av reguleringa. Dette er eit avbøtande tiltak som er særskilt aktuelt i dag, som då, og må vidareførast. For å oppretthalde lokal nyttiggjering i vassdraget, må midlane øyremerkast vassdraget. Midlane avsett må svare til dagens og framtidas kostnadsnivå, og må vere på minimum 5 000 000 kr, med ein årleg sum som vert overført til fondet.

Infrastruktur

Anleggsvegane som vart etablert i samband med utbygginga og reguleringa av Fortun-Granfasta vassdraget er i gjeldande konsesjon regulanten pålagt å halde opne for allmenta. Fjellstyret ynskjer at anleggsvegane skal haldast opne for allmenta, men det må være mogleg å få stengt anleggsvegane dersom det er viktig for biologisk mangfald, arrangement, tjuveri osb. ved søknad til NVE. Når anleggsvegane skal vere opne for allmenta, må standarden på anleggsvegane hevast.

Under delkapittel om villrein kjem fjellstyret med forslag på å stenge ulike anleggsvegar som forslag på avbøtande tiltak på grunn av ulike anleggspåverknad på dei ulike villreinstammane.

Villrein

Fleire anlegg i forbindelse med Fortun-Granfasta utbygginga ligg i ulike villreinområde. Norge har de siste gjenlevande bestandane av villrein i Europa, og har derfor et spesielt ansvar for å ta vare på denne arten. Villreinen lev heile sitt liv i flokk, og lever i eit klimatisk tilhøve som set store krav til overlevingsevna til dyra. Villreinen sitt nomadiske levesett medfører at forflytning innan leveområdet fylgjer innarbeide trekksystem. Eit hovudproblem i forhold til villrein er neddemming av areala som einskilde stadar har ført til avskjering av reinens trekkveier, andre problem er knytt til anleggsvegar. Eit viktig tiltak for villrein er reetablering, eller tilrettelegging av trekkveier, men for å oppnå ynskja effekt vil det ofte være nødvendig med en kombinasjon av fleire tiltak. Tilrettelegging for gjenopptagelse av trekk på andre arealer enn de som er neddemt, kan i en del tilfeller være en løsning som bør vurderes.

Luster austre statsallmenning strekkjer seg over to villreinområde som begge inngår i reguleringsområdet; Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen

Reinheimen-Breheimen

Luster austre fjellstyre arbeidar aktivt for at villrein skal trekke vestover, frå Skjåk til Luster, att etter mange år utan villrein i fjella i Luster. Direktoratet for fisk og vilt gav i 1970-åra løyve til å slakte ned reinen i nærleiken av det vestlege delen av reguleringsområdet, med grunngjeving av at det var forvilla tamrein, og etter den tida har det ikkje vore ei etablert stamme med rein i vestlege delar av Luster kommune. Det har blitt arbeida aktivt med å få reetablert ei reinsstamme i dette området sidan nedslaktinga. Eit tiltak som vart gjennomført var utsetting på midten av 90-tallet. Reinen som vart utsett roa seg ikkje, og reiste.

I den seinare tid vart det satt ned ei gruppe beståande av fjellstyrer, villreinnemnda, representantar frå Luster kommune og fylkesmannen i Sogn og Fjordane og frå grunneigarane. Gruppa fekk utarbeida ein rapport av Jonatan Collman om tiltak som kan gjennomførast for å få villreinen tilbake til området.

I denne rapporten er det omtalt både utsetting av rein, og tiltak som kan gjere til at villreinen frå den alt etablerte villreinstamma i Reinheimen-Breheimen Sør-aust vil trekke til Luster og

nyttiggjere seg av området. Rapporten peikar på at anleggsvegar i seg sjølv ikkje treng å vere forstyrrende for villreinen, men auka tilgjengeleight senkar terskelen for bruk av menneskjer. Allereie etablerte anleggsvegar kan såleis ha medført ei auking i menneskeleg bruk av området. Villreinen er kjend for å være var for for inngrep og unngår områder med menneskeleg ferdsel. Dette er også årsaka til at ein tursti i området som tidlegare kryssa ein kjent trekkveg nå er nedlagt, og merkinga fjerna.

Dei seinare åra har det årleg blitt observert villrein i området Vetledalen – Midtdalen i frå juni til oktober. Området rundt sørsida av Middalsnosi er merket av som trekkområder, mellom austre og vestre del av Breheimen. Ifølge Ottadalen Villreinnemnd er særleg sørrenden av Middalsnosi eit viktig transittområde mellom aust og vest der det er viktig å ikkje påverka reinens bevegelsar.

Det er også fleire kulturminne i området som tydar på at eit av villreintrekka gjekk frå Vetledalen- over anleggsvegen og i området rundt bekkeinntaket i Midtdalen-rundt Midtdalsnosi og forbi Fivlemyr på vestsida (vedlegg 3). Sidan det ikkje er ei stamme som nyttar seg av trekket forbi Fivlemyr, er ein usikker på om dei vil nyttiggjere seg av austsida av magasinet, men ein håpar at dei vil det.



Figur 1. Leidulv Weka viser hellar i ryggen mellom Midtdalen og Vetledalen. Foto: Aina-Eise Stokkenes



Figur 2. Dyregrav i ryggen mellom Midtdalen og Fivlemyr. Til venstre i biletet så ser ein mastene som går til Fivlemyrane. Foto: Aina-Elise Stokkenes



Figur 3. Ei av fleire dyregraver i ryggen opp mot Middalsnosi ovanfor bekkeinntaket i Midtdalen. Foto: Aina-Elise Stokkenes

På ovanfornemt grunnlag ynskjer Luster austre fjellstyre å stenge anleggsvegen inn i Midtdalen og Vetledalen ved krysset til Nørstedalsæter for å leggje til rette for at villreinen skal trekke tilbake inn i Luster og vestlege delar av villreinområdet. Regulant og grunneigarar må få tilgang til vegen. Ei 10 årig evaluering bør liggje til grunn for om dette tiltaket bør/ikkje bør oppretthaldast gjennom den komande reguleringsperioda.

Vest-Jotunheimen

Ved reguleringa av Fortun-Granfasta vart det etablert ein kunstig dam i Styggdedalen som vart lagt i trekkruta til villreinen. Dammen er til det føremål å samle opp slam som kjem frå Styggevassbreen før det når bekkeinntaket nedanfor. Det var særslig uheldig plassering ved tanke på villreinens trekk ruta. Klaredammen må tømmast jamleg, og til nå har det blitt lagra massar i området rundt dammen på sør-sida. På den sida må også rein trekka då det er einaste moglegheita den har att for å koma forbi dette hinderet. Det har blitt observert at villreinen har hatt vanskar og utfordringar med å kome seg vidare. Det er derfor særslig viktig at deponiet ikkje vert større, og at Hydro Energi gjer tiltak basert på villreinens vandringsmønster og at ein tek omsyn til det heilskaplege landskapsbilete

Dersom deponeringa skal forsette slik den er utført til no, vil det føre til ein gradvis forverring av dagens tilstand for trekkvegen til villrein, og ein bør vurdere alternativ plassering til deponi av massane. Ein bør også vurdere å landskapstilpassa eksisterande deponi for å forbetra det visuelle intrykket av området med Nasjonalparken og statsallmenningen som nærmeste nabo.

I tillegg til deponiet la Hydro Energi opp ein høg rygg ved elva frå Styggdedalsbreen og ned til dammen, dette har skapa endå eit vandringshinder for villreinen, og må endrast. Gjennom avbøtande tiltak må det liggje til grunn at villreinen skal kunne passere på ein trygg måte til alle årstider, revegitere massar som gjer til at villrein kan og blir motivert for å passere, og sjå eit heilskapleg landskapsmessig bilete for området.

Gjennom Ringsdalen går også ei trekkroute som er avgjerande for at villreinen frå Vest Jotunheimen skal nå beita på Sognefjellet (Vedlegg 2). Ved utbygginga til Hydro Energi i

Ringsdalen vart det etablert ein bilveg inn dalen til nokre anlegg. Vegen i seg sjølv er ikkje eit stort problem for villreinen, men eit aukande og vedvarande problem er menneskjer som køyrrer fram og deretter teltar midt i reinstrekket. Ved å stengje vegen til Hydro Energi ved oppkøyringa frå Tindevegen, kan ein minske den indirekte effekten av utbygginga, som nå har blitt eit problem for villrein i Vest-Jotunheimen.

Ved både magasinet ved Prestastein og Øvre Hervavatn har det førekome at rein har gått tapt på grunn av isforhold. Reguleringa av begge magasina har påverka villreinens trekkroute, og i saman med ferdsel langs Sognefjellsvegen og turisme har trekkruter i det området blitt mindre nytta. Gjennom ned demming av trekkruter må villreinen trekke forbi ulike stadar med relativ høg menneskeleg påverknad frå Sognefjellsvegen, og det er hensiktsmessig at regulant også bør vere med å legge til rette for bla. Brøyting av overgangsparsellar ved Sognefjellsvegen på relevante strekningar som eit avbøtande tiltak. Dette bør gjennomførast ved etablering av fond øyremerka avbøtande tiltak for Vest-Jotunheimen villreinstamme i reguleringsområdet då tiltak i høve villrein kan variere over lengre tid.

Arbeidet med å legge til rette for at villreinen skal kunne trekke tilbake til vestlege delar av Luster er eit arbeid som både er kostnads- og tidkrevjande. Då Hydro Energi har anlagt anleggsvegar og demt ned areal som villreinen nytta i både Vest-Jotunheimen villreinområde og i sør - vestlege delar av Breheimen-Reinheimen villreinområde er det naturleg at det vert gjennomført kompensatoriske avbøtande tiltak. Då tiltak kan variere i tid, og område bør det avsetjast fond til kvart villreinområde på kr 2 000 000. Midlane som vert avsett til Vest-Jotunheimen skal nyttast til avbøtande tiltak i området påverka av reguleringa av Fortun-Granfasta vassdraget, medan midlane avsett til Reinheimen-Breheimen må nyttast til tiltak i høve reetablering av villrein i Luster sin del av Breheimen.

Avslutningsvis ynskjer Luster austre fjellstyre å presisere at ein har hatt eit positivt samarbeid med Hydro Energi og håpar at dette kan vidareførast og bidra til at me saman skal kunne ta vare på interessante tilknytt fjellområda våre.

Luster austre fjellstyre har i uttalen påpeika ein del tilhøve som Hydro må ta omsyn til i høve søknad og plan for avbøtande tiltak. Ved gjennomføring av tiltaka vil Hydro redusera sine fotavtrykk i eit sårbart område, omsyn ta brukarinteresser i området, redusere negative konsekvensar, etterleva sine visjonar om å ivareta omsyn til miljø og omgivnaden, og syne seg

som ein samarbeidspartnar med brukarinteressene i området, og dermed hindre konfliktar i etterkant.

Helsing

Luster austre fjellstyre

Dagleg leiar

Wenche Samnøy

Aina-Elise Stokkenes